

Johs. M. L. Rydland

VARDANE
BRENN

Dikt

SAMBÅNDETS FORLAG A/S

BERGEN 1960

JOHS. M. L. RYDLAND

WARDANE BRENN

Dikt

God jul 1960.

Sjenerikt nyttår 1961.

Nyrestjer

Mor og far på Høgtime.

SAMBÅNDETS FORLAG A/S

BERGEN

Oddroy og Sigmund.

God júl 1960.

Siguerikt nýár 1961.

Ynskjer

Mor og far på Høgskúlin.

FØRE-ORD

Mi vanstelte harpa eg lyfter frå grein,
og prøver dei u-stemde strenger:
Diverre er samklangen langt i frå *rein*,
og klangbotnen dårleg so tonen vert klein — —.
Han vantar nok luft under venger.

Men fuglane syngja i livsgleda stor,
sjølv hegren og ramnen og kråka.
Frå sysvort og lerka, til skrattande skjor,
med ulike mæle, i fleirtonigt kor,
på livet si harpa dei bråka.

Ja, dette lyt vera orsaking for meg,
og grunn for dei dikt eg hev skrive.
Kan henda det skurrar i øyro på Deg,
når slik utan omsyn eg stormar i veg,
og Pegasus-salen hev klive.

II

Samlings-songar

HØYR HERRENS ORD

Herren er her i sitt heilage tempel.
Han vil si sanning oss læra.
Her vil han setja på Hjarta sitt stempel.
Her vil han millom oss vera.
Still då, for Herren, urolege jord!
Høyr hans livgjevande ord!

Vegane, både til Hel og til Livet,
her han so klårt vil Deg syna.
Frelsa, som han i sin Son hev Deg give.
Fårar, som sjeli vil tyna.
Visa Deg skilnad på kjerne og skal.
Setja Deg — nådig — på val.

Atter Guds Ånd Deg ålvorleg vil minna:
«No må din Frelsar Du velja.
Slutt med din motstand. La Jesus Deg vinna.
La Deg i dag overtelja.
Still då for Herren, urolege jord!
Høyr no hans heilage Ord!

BLÅS ALARM

Ei bøn

Herre, Du ser kor den Himmelske farlei
gøymest av kjøvande grå-skodde no.
Folket det vinglar på veglause villhei.
Ser ikkje lenger kvar vardane stod.
Menneskelærdom hev høgseterom.
Kristus si fråsegn dei bryr seg 'kje om.

Kom og med hjelp til di stridande kyrkja.
Før henne inn i din rustkammer-kveld,
der ho si vaklande tru kan få styrkja.
Herre, Du ser kor i tvilen ho skjelv.
Ser kor ho knefell for åndsmakti stor,
som torer motsegja Frelsarens Ord.

Heilage Ande. Bruk Andvakeluren.
Vekk oss til ansvar, Du bibelske tolk.
Blås, til eit årvake vakthald på muren.
Blås til det høyrest i heile vårt folk.
Blås til din eld gjer vår folkesjel varm,
Himmelens Frelsande Vekkings-alarm.

JESUS SI GUDDOMSMAKT

Jesus synte si Guddoms mynd,
då han ferdast i kring på jordi.
Lækte sjuke og tilgav synd.
Der var Allmakt i Frelsar-ordi.
Storm i ofse laut stilna av.
Døde levna og steig or grav.

Satan sviv millom mannsens barn,
vond og listig, på løynde gangar.
Breider ut sine fæle garn.
Tusen sjeler i garni fangar.
Bind og bastar, den herje-herk — —.
Helheims fyrste er lumsk og sterk.

Men vår Frelsar hev største makt,
enn i dag, i vårt jordlivs dalar.
Alt må verta som Han hev sagt.
Under hender, når Herren talar.
Jord og Himmel dei skal forgå.
Frelsar-Ordi skal evig stå!

STORE HIMMEL-FRELSAR

Tone: Hellig, Hellig, Hellig.

Store Himmelfrelsar, Konge i Guds rike —.
Folket ditt Deg hyller med takk og jubelsong.
Helheims makter måtte for din kjærleik vike
i den svære strid på Golgata hin gong.

Ned til oss frå Himlens kongehøgder steig Du — —.
Ringe tenarskapnad Du lydig på Deg tok.
Dømd for våre synder, inn i døden seig Du — —.
Skreiv vårt fridomsbrev med blod i Livsens bok.

Mektig, Himmelfager, braut Du dødens velde.
Løyste oss or mørkheims, dei gruvelege band.
For kvar sjel som trur, ditt soningsblod skal gjelde.
Sjølv Du sit med domsens kongespår i hand.

Eingong Du — til dom — vil manneborni kalle.
I frá hav og Helheim me då må stiga fram.
Ingi sjel slepp unna. Me må mæta alle.
Få vár dom til frelse eller evig skam.

Sæle dei som her Deg som sin Frelsar hyller.
Søkjer fred ved krossen med hjartans toldarbøn.
Deira domedag Du med di soning gyller.
Tek dei inn til livet som di lidingsløn.

PÅSKEMORGON

Tone: I Rosenlund — —.

Eg ser Deg Jesus då soli renn — —.
Du ris or gravi med siger.
Då vakti rømer for engelen
som ned til gravhola stiger.
Ho skjelv og skjek, vár arme jord
ved dette Himlens under.
No hev Du halde heilt ditt Ord:
Vår død er broten sunder.

No trur eg, Frelsar, Du er Guds Son.
No ser eg Himlen Deg kjenner.
Til Deg stend heile mi bergingsvøn.
Min dom til fridom Du vender.
Di understore Guddoms makt
eg øygnar her i hagen.
Ver Du min tilsynsmann og vakt
til sæle heimferdsdagen.

OFFERLAMMET

Tone: Vår Gud han er so fast — —.

No syner seg Guds sterke arm
med offer til vår Frelsa.
Hans Faderkjerleik brenn so varm,
når slik han ætti helsa:
Sjå Offerlammet dreg
den klungerstrøyde veg.
Og tek dei tunge slag
på domsens fæle dag,
som Heimsens Soningsoffer.

Han gjeng so still og ber sin kross
med klungerkrans om panna.
No skal han av og døy for oss.
Han kan ei noko anna.
Kom, sjå di bergingsvøn:
Guds eigen, kjære Son.
So bleik og arm han heng,
med kross til sjukeseng
og gjennomstungne hender.

Sjå Lammet i sin siste strid.
Det skjelv i sjelekvida.
Du ser det snart mot enden lid.
Kor gruvfullt det må lida.
Med jordi skjelv og skjek,
og blodet frå det tek.
Gud held sin Himmel stengd,
og gjev det slekti treng:
sitt Offerlam i døden.

No heile skuldi er betalt,
for offeret er give.
Vår Frelsar hev no ordna alt
som høyrer med til livet.
Vårt fridomsbrev me finn
i offerdøden din,
Du gjennomstungne bror.
Og difor Himlens kor
skal lova Deg i æva.

I NÅDENS LJØSE HEIMETUN

I nådens ljøse heimetun
Guds kjærleik rår i fulle mun,
og borni glade vankar.
Den Gode Hyrding står på vakt
mot synd og satans sterke makt,
med fred og Frelsartankar.

Den heimen høyrer borni til.
Gud sette heilagt grenseskil
i millom dei og verdi.
Dei sit ved nådens syskinbord,
med Herrens eige Bibelord
til mat og ljøs på ferdi.

Men ut for dette grenseskil
held mørkheims åndefyrste til,
som Kristi Blod ei ensa.
Der set han sin løynde garn.
Og fangar dei av Herrens barn
som overskrider grensa.

Det gjeld med Andens klårsyn sjå,
om grunnen som me ferdast på
ligg på den trygge sida.
Står me på vaki bønevakt
og gjev på Herrens varsel akt,
skal foten ikkje glida.

EG SER DEG, FRELSENS UNDER

Tone: Den tro som Jesus favner.

Eg ser Deg, Frelsens Under:
Du Jesus Krist, Guds Lam.
Du riv mitt skuldbrev sunder,
og ber mi synd og skam.
Med krossen på di herd,
med sår som svid og bløder,
med spott frå falne brøder,
Du gjeng di siste ferd.

Til krossen dei Deg fester
med harde hamarslag.
Du møter alle brester
med miskuns domedag.
Din kjærleik siger vinn
i alle livsens prøvar.
Og bergar sjølv ein røvar
i paradiset inn.

No kan og eg meg lauga
i offerdøden din.
Framfor ditt Frelsarauga
mitt fridomsbrev eg finn.
Eg byter bort mi skuld,
min dom, mi straff og misgjerd,
og fær so att di rettferd.
Det Himlens reine gull.

Du kan og vil meg vara
som augnesteinen din.
Du ser kvar Satans snara,
og kvar ei lygn han spinn.
Du hev han i di makt,
om enn han er den sterke.
Og Du fullendar verket
som tilsynsmann og vakt.

Om dagen snart skal renna,
når eg får reisebod,
og eg lyt liding kjenna
og feberbrann i blod:
«Du død, kvar er din brodd?
Du Hel, kvar er din siger?
Eg heim til Himlen stiger,
trass all di egg og odd.»

MI KRISTNE VON

Ei liti stjerne bivreskin
i inste rømd i hugen min.
Trass uverssky og skoddeim
og mismod, tvil og verdsleg sveim.
Ho skin so mildt på vegn heim.
Det er mi kristne von.

Til henne vigslar eg mitt kvad.
Ho mang ein gong hev gjort meg glad.
Når jant eg starvar sturen her,
og inn i svarte natti ser.
Då opp mot høgdi ho meg ber.
Mi dyre, kristne von.

Ho lyser gjennom natt og sorg,
og inn til Nådens solskinsborg,
i gjennom Golgatas portal —.
Og i frå naud og skuld og fall,
til Himlens høge kroningshall
ho dreg meg blidt, mi von.

Der fær ho ljøs til glansen sin.
Og dit ho leier tanken min.
Ho hev det feste som ho treng
der innanfor Guds Førheng.
Og heim ho ber meg på sin veng
mi dyre Himmelvon.

JERUSALEM

Jerusalem. Du strålande stad.
Bygd på dei evige fjell.
Din skog, dine voggande blomar og blad
og lundar av palmar, syng brusande kvad
bak tidi sin sloknande kveld.

Jerusalem. Å herlege stund:
ein gong å koma til Deg.
Når livsferdi endar i sælaste blund,
glad å få stå i din solfylte lund,
det Himmelske mål for min veg.

Jerusalem. Du velbygde by.
Tenk, når Du dagklårt ein gong
stig fram, utan skyving av natt eller sky,
som solrenning gylne, ved livsmorgongry,
med' livet det jublar i song.

Jerusalem. Du dreg meg so blidt
stundom, når vegen fell tung —.
Tenk, når mi sjel skal få svinga seg fritt
på dine Klårfjell i ljósriket diit,
utløyst og æveleg ung.

HEIMLENGT

Eigen tone.

Eg lengtar so jamt til den strålande stad
der songen lik votni skal fløyma —.
Få blanda mi røyst i det jublande kvad

som reint gjennom Himlen skal strøyma.
Og jordlivets sorger få gløyma — —.

Her høyrer eg ofte: «Du når ikkje heim — — —.»
Du snåvar og fell i kvar tuva.»
Dei trugande røyster — seg, kjenner Du deim? —
fær ofte mi sjel til å gruva,
og fly, som den fredlause duva.

* * *

Å, nei, for eit byte — : for tårar og kav,
få sigerens palme i hende.
Og leva på ny attom sorger og grav
i æva som aldri tek ende — —.
Og møtast med kjære og kjende.

Å tenk, at eg åsyn til åsyn skal sjå
min ven med dei sårmerkte hender — —.
Der strøymer vel frygd gjennom sjeli mi då
når andletet mot meg han vender,
og velkomehelsing meg sender.

I Himmelenes solljos, som Frelsarens brud,
eg gjeng i min skirkvite bunad.
Som sol over snøfjell, so blenkjer mitt skrud
i gullglans frå brudgommens truna.
I livssoli glitrar mi krana.

Eg veit, at ho kan ikkje tolkast med ord
den sæla eg heime fær kjenna.
Å frelsar, å, styr mine steg her på jord — —.
Og kraft til min strid må Du senda.
So glad eg mi ferd kan fullenda.

DEN STØRSTE LUKKA

Kor godt det er å vera frelst
or satans garn og makt.
No kan eg ferdast kvar som helst,
for Herren er mi vakt.
No er eg sæl og glad og fri
frå snara eg var fanga i.
Min Gud hev sjølv det sagt.

Frå lovi sin fordømingdom,
med lyn frå Sinai,
eg frikjøpt vart då Jesus kom,
tok på seg straffi mi.
No veit eg mål og heim og hamn
Min Frelsar sjølv hev ført mitt namin
i livsens-boki si.

Eg er på livsens ferdaveg
til Himlens fagre land.
Å kor eg tykkjer synd i deg
som driv mot Helheims brand — !
Ser du kva mål du styrer mot,
med lekkjebundi hand og fot?
Å, grip din Frelsars hand!

Å, berg di sjel! Seg Jesus alt!
Din Frelsar deg forstår!
Hev du din tilstand Han fortalt,
ei herleg hjelp du får.
Han tek imot deg som du er.
Og til di frelsa alt han gjer,
so rein for Gud du står!

DØD, KVAR ER DIN BRODD

Dødens brodd er teken vekk.
Helheim no er overvunnen.
Jesus gjennom døden gjekk.
Livet, Livet råder grunnen.
Lykelen til død og Hel,
den har — Jesus. Alt er vel.

Kveitekorntet måtte døy
for å liv til akset gjeva.
Mannsens born, frå fjell til øy,
dette nådeliv fær leva.
No, frå Jesu grav og kross
strøymet livet inn til oss.

Grip då Livet, mannaborn.
Dertil er de kjøpt og kalla.
Jesus, Livsens sædekorn,
bergar Dykk i frå å falla
i den mørke avgrunn ned,
utan liv og utan fred.

Førehenget borte er.
Offerlammet reiv det sunder.
Kvar som trur, med undring ser
Himlen open. Store under.
Jesus over døden vann,
og vårt livs utløysing fann.

NÅR VEGEN FELL MEG TUNG

Eigen tone.

Når vegen fell meg tungsam, og verdi skær seg vrang —,
eg gjeng so einsam, jamvel millom brøder.
Når vinden ber imot, og vil hindra all min gang,
og i mitt indre hjartesaari bløder,
Kvarhenne finst vel lækjedom som grøder?

Når likamshelsa sviktar, og krafti fer sin veg,
og tvil og sut mitt sinn og hjarta trykkjer.
Når fattigdom og armod, dei spør seg fram til meg,
og lekkjebind meg etter som dei tykkjer,
Og alle mine planar gjeng i stykker — — —.

Når syndelysti vaknar, med sterke heite trå,
og rettar mot meg tusen fangearmar:
Eg kjenner hug å falla, just der eg skulle stå,
Mitt vonde «kjøt», mitt eige samvit harnar.
Og vonde makter kring meg lær og larnar.

Då, i mi naud eg skodar mot Jesu Kristi kross:
Der er då hjelp mot alt som ned meg tyngjer!
Han med sin soningsnåde stend mellom Gud og oss.
Mi arme, trøytt sjel han oppatt yngjer,
so hjarteglad eg ofte gjeng og synger.

Det er so godt å vita: I denne vonde verd,
med all si naud, eg skal 'kje alltid vera.
Den «adamsarv» eg fekk, som av ormens gift var særđ,
eg berre her ei liti stund skal bera.
I Himlen skal han ingen skade gjera.

Der renn ein ævemorgon i Himmelstråleglans,
og sol med sæla under sine vengjer.
Mitt auga skodar Kongen, i fagerdomen hans,
og Himlens lyst mitt hjarta gjennomtregjer.
Før livsens lukka ingen meire stengjer.

DIN NÅDE ER NOK ÅT MEG

Tone: Hvor er min stakkars gutt i natt?

Stundom når vegen kjennest trong,
og hugen er tung og sår —,
klaga vert blanda i min song,
og mismot i sjeli rår —.
Når kvar heve nok med seg,
og ansar 'kje mitt og meg,
mi eine trøyst er då Frel sarens røyst:
«Min nåde er nok åt deg!»

Sit eg i armødsdom og skuld,
og syter for dagleg brød —,
fatig og aud for gods og gull —,
eg klagar for han mi nød.
Om uro og angst vert strid,
han kjem då i rette tid,
og opnar veg til berging åt meg.
Hans nåde hev hjelp med seg.

Kjenner eg synd i hjartans djup,
og livet mitt fær sin dom —,
tykkjer eg glid mot ytste stup — —,
eg høyrer hans milde «Kom!»

Han løyser sitt arme barn
or syndi sitt fæle garn.
Sæl vert eg, for han seier til meg:
«Min nåde er nok åt deg!»

Stundom eg vert vel sår i sinn
ved tanken på død og grav.
Redsla vil fylla hugen min!
Kvar skal eg vel ganga av?
Då ser eg ein opna veg:
«Min frelsar, eg flyr til deg!»
Dødens odd då misser sin brodd!
Din nåde er nok åt meg!

NÅDENS MORGON

Eg vildra om i kolmørk natt.
Til død meg syndens lyster batt
og all min vilje fanga.
Eg kunde ikkje koma laus,
om so mitt hjarta botnafraus — —.
I lekkjor laut eg ganga.

Men Han som over livet rår,
som talde mine hovudhår
og mine levedagar.
Or mine band Han løyste meg,
og bad meg kjærleg fylgja seg
til Nådens Blomehagar.

For meg, den syndebundne mann,
so ljøs ein nådemorgon rann,
som ord ei maktar mæla.
Frå død, på mørk og veglaus hei,
der opna vart so klår ei lei
til fridom, liv og sæla.

Eg såg, som i ein strålefoss
dei kjende ord om Kristi Kross
eg før ei kunne skyna:
«Ver ikkje redd. Eg hev Deg løyst.»
Dei ordi vart meg kraft og trøyst
mot alt, meg vilde tyna.

Mitt heile liv, med tap og tjon
kom bort i dette nådeljon,
som havet gøymer dropen.
Eg gjekk ved Jesu Frelsarhand
i Nådens fagre Solskinsland.
Og fann Guds Himmel open.

No fær det koma kva som vil.
Eg høyrer Jesus Kristus til
frå dagen, då Han fann meg.
Og med sitt eige liv som pris
eit Himmelfagert Paradis
Han ved si soning vann meg.

EG GJENG MED LIVET I HENDENE

Eg gjeng med livet i hendene
bland tusen fårar i verdi.

I både by og i grendene
eg møter svikråd på ferdi.
Men verste svikaren, kvar eg farta,
eg møtte jamt i mitt eige hjarta.
∴ Fekk Judaskyss. ∴∴

Han gjev seg ut for min beste ven.
Og tek min vilje til fange.
Men søkjer samband med djevelen,
og med hans reidskaper, mange.
Han freistar sjeli mi til å sova.
Vil bringa foten min til å snåva
∴ so det vert fall.∴∴

Mi sjeleberging fra naud og skam,
og alle snaror i livet,
eg einast finn hjå Guds Offerlam,
som hev seg sjølv for meg give.
Ja, skal eg bergast frå djevlemakti,
so må Han vera den Himmelvakti
∴ som frelsar meg. ∴∴

EI LEVANDE VON

Tone: Våkn opp og slå på dine strenge.
«Eg veit min Atterløyser liver».
Det var den prøvde Job si von,
då gruvfull storm hans livsbåt hiver
mot undergangens tap og tjon.
I denne trøyst hang hjarta fast,
då alle andre voner brast.

«Eg veit min Atterløyser liver.
Til sist Han over moldi kjem —».
Den voni gjennom sjeli driver.
Han ser eit nytt Jerusalem:
«Når døden øyder hold og hud,
ut frå mitt kjøt eg skodar Gud.»

«Eg veit min Atterløyser liver».
Å, lat oss minnast dette, Du,
når hjarta vårt i redsle biver
for dødens mørke grav og gru.
Kvar ein som trur på Jesus her,
hans veg, trass alt, til Himlen ber.

OM JESUS IKKJE KOM

Å, tenk om Jesus ikkje kom
til jord hi jolenatt,
og tok på seg den syndedom
som oss til satan batt — — ?
Å, Gud. Kor fælt å tenkja på:
Me hadde alle, store, små,
ei ævepina att.

Tenk om Han ikkje kom hin gong
Han som er Livsens sol?
Om Han me aldri song ein song.
Og aldri fekk me jol.
Å, Gud. Kor fælt å tenkja på:
Usæle var me, store, små.
Og fann ei livd og skjol.

Me kunde aldri vera glad
om Jesus ei var fødd.
Og aldri song me takkekvad,
var Jesus ikkje død.
Me gjekk i gravi utan von.
Ho mor med dotter, far med son.
Og sidan, evig nød.

Om ikkje Jesu død og blod
for våre synder gjeld,
Om Gud ei ved sin lovnad stod.
Om Frelsa ikkje held?
Å, Gud. Kor følt å tenkja på:
Me måtte alle, store, små,
Inn i ein evig eld.

DEN ELLEVTE TIME

Snart tidi sin kornhaust og frukthaut er ende.
Men tenk om det underet aldri fekk hende
at Du og din Frelsar fekk møtast til oppgjerd — — ?
Då heile ditt liv vart ei einaste villferd.

Når sjeli er ufrelst og livskvelden komen,
og æva kjem mot Deg med døden og domen,
når fram mot den gapande gravi Du stirer,
då kan det vel henda at djevelen flirer.

Det lid imot slutt på din ellefte time.
Snart vil Du få høyra di dødsklokka kime.

Vil lenger Du bli hjå den eldgamle slange
som ringa Deg inne og tok Deg til fange — — ?

Å, fly som ein fugl til din ventande Frelsar.
Han enno, i langmod, Deg velkomen helsar.
So sant du vil bergast frå Helvites våde,
so bøyg Deg for Jesus, og bed Han om nåde.

LJOSE-STAKEN

Tone: Kom alle kristne.

Tenk om Vår Herre flyttar ljosestaken,
og sløkkjer den løge som er verdsens ljøs?
Mørkret vil råda. Ingen meir er vaken.
Når saltet bort er dovna,
og slutt er Frelsens lovnad,
dei ville alle somna i Helheims os.

Ordet om Gud, det laut omsider tagna.
Den Heilage Ande er 'kje lenger med.
Ingen — i tru — kan meir sin Frelsar fagna.
Kvar lit på eigen styrke
i både helg og vyrke.
Og kristenlivets yrke er no lagt ned.

Heimar og skule, bønhus og kyrkje
der Ordet om Jesus fekk lyda før,
vert no til borger for eit Helheims myrkje.
I både bygd og byer,
i alle heimsens lyer,
ligg svarte toreskyer ved kvar manns dør.

Bibel og samling kringom nattverdbordet
vert ombytt med fjernsyn og med dansesal.
«Fylgja si lyst» hev vorte løysingsordet.
Dei tekniske vedunder
med brask og bråk og dunder
no fører folki under i umoral.

Handi på veggen hev si fråsegn rita
om verdi som kasta av seg Herrens åk:
Helheim vert enden, det skal alle vita.
Vil me i syndi liva,
me sjølv vår dødsdom skriva.
Og verdi vil då driva mot Ragnarok.

DU FAR OG MOR

Tone: Me standa her som på eit — — .

Du far og mor, som heve nokre små:
Kva veg gjeng De og borni dykkar på?
Den breide veg som ned til avgrunns ber,
ell' er det sant De på den smale er?

Litt lenger framme fær De kvar si grav.
Då kjem det ut or kurs, det jordi gav.
Når hjarta dykkar so held opp å slå,
seg, kven skal berga sjeli dykkar då?

Å seg, kor skal det ganga borni då,
når både far og mor er falne frå?
I Frelsaren dei såg De var 'kje glad.
Og aldri fekk dei høyra at De bad.

Skal dykkar born, som Herren heve skapt,
fyrst leidast vilt, og sidan gå fortapt?
Fyrst lida her, og sidan pina full — — —
Og kanskje det er far og mor si skuld.

Å, bed til Gud for Deg og dine små.
Og les Guds Ord, so dei fær høyra på.
Den nye song i barneminnet skriv.
Og lat dei sjå ein kristen i ditt liv.

Når so Du far og mor legg staven ned,
og Dykkar sjel fær smaka Himlens fred,
då kanskje barneflokket bed i kor:
«Å Jesus, frels oss heim til far og mor».

TIL DEG PÅ SOLSIDA

I storm og uver, på skuggesida
so mang ein stakkar so sårt må strida — !
Seg, hev du sett deira liding, tru,
du som på solsida støtt fekk bu?

Sjå drankarborni i mørke stova — !
Av svolt og kulde dei fær 'kje sova.
Han far er ute i ville sveim,
og mor ho skjelv når han so kjem heim.

I gråt og redsle dei kryp i saman
når faren kjem, for det er 'kje gaman!
Med sorg dei ser, når det so vert dag
at mor ber merke av hogg og slag!

Sjå fattigenkja som ligg og græter
av sorg og saknad dei lange næter,
for mannen hennar er fallen frå,
og ho sit att med dei mange små!

Ho prøver sova og gråten tvinga,
men suti tærer der ned for bringa.
Det trøytt auga er tårevått —
Og håret ser du, er vorte grått!

Seg hev du ferdast ved sjukesenger,
der kross og trengsla alt utsyn stengjer?
Der sjukdom rasar og tårer renn
når døden kjem og tek ven frå ven?

Der er ein gammal! Han er 'kje fegen —
Han veit so godt at han er i veggen —
Han sit og frys i sitt dørrom,
for omnen er både kald og tom —!

«Å, kom og hjelp oss!» dei til deg ropar!
Kva vil du svara dei arme hopar?
Hugs, det er systre og det er brør
som bed om hjelp ved di hjartedør!

III

Ungdoms-songar

ER PLASSEN DIN TOM ?

Eigen tone.

Eg veit om ein plass som står tom til i dag,
ved Golgata kross hjå vår Frelsar.
Med trugnaste venen din skilde Du lag.
I dag han so kjærleg Deg helsar:
«Din plass her er tom.
Men skund Deg og kom.
Eg saknar Deg, blømande ungdom».

Eg veit om ein plass som står tom til i dag
der inne ved Frelsarens hjarta.
Der kvila Du fær frå det slitande jag,
og lindring på såraste smerta.
Din plass der er tom.
Men enn er der rom.
Han elsker Deg, blømande ungdom.

Eg veit om ein plass som står tom til i dag.
Det er under Frelsarens merke.
Høyr, Himmelens lurtonar kallar til slag

mot han som me nemner «Den sterke».
I Frelsarens her
eit tomrom der er.
Han saknar Deg blømande ungdom.

Men kanskje Du aldri vil innta ditt rom — — ?
Du vel kanskje helst å bli sakna — — ?
Men då vert din heimstad i Himmelen tom,
når eingong i Helheim Du vaknar.
Du miste di sjel,
til sjølvaste Hel.
Og Frelsaren miste Deg, ungdom.

Nei, lat det for alt ikkje ganga Deg slik.
Den tanke må aldri Deg sviva.
Kvifor vil Du gå mot den drepende svik,
når Du kan hjå Jesus få liva — ?
Er plassen din tom,
so skund Deg og kom.
Lat Frelsaren eiga Deg, ungdom.

KOM UNGDOM OG FYLKA DEG —.

Eigen tone.

Kom ungdom og fylka Deg under Kristi kross.
Der finn Du kraft til livsens strid.
Søk berging hjå honom som gav sitt liv for oss.
Du liver i so fårleg ei tid.
Me ser millionar gruvfullt lid og blør.
Ditt liv står i fære i dag, som aldri før.

Å, bruka då vitet med tidi enn er god.
Gjer opp di sjelesak med Gud.
For tenk, Du er kjøpt med din Frelsars eige blod.
For Deg han fekk sitt blodige skrud.
Å, dryg ikkje lenger. Skunda Deg og kom.
Og berga di sjel frå den ævelege dom.

Det fagraste syn me kan skoda i vårt land,
er ungdom, kledd i rettferdsskrud.
Som lydig vil bruka si tid, sin fot, si hand
til ære for sin Frelsar og Gud.
Som lysande faklar gjeng dei millom oss.
Og kraft til å leva dei fær ved Kristi kross.

Lat Frelsaren få dine fagre ungdomsår.
Du lever dei den eine gong.
So vil han Deg spara for mangt eit syndesår,
og fylla ungdomssinnet med song.
Bed Frelsaren inn, i dag, om ikkje før.
No stend han og ventar der utanfor di dør.

SNU HEIM, UNGDOM

Du bortkomne barn, ser Du farstunet blenkjer,
den ovfagre heimen Du rømde i frå — ?
Eg undrar meg på kva Du kjenner og tenkjer,
når no Du han — glimtvis — i minnet fær sjå.
Med farsarven drog Du, mot vonbrot og skader —.
Og att stod din syrgjande Frelsar og Fader.

No eig Du ei lenger din heim i Guds rike.
For leik og i lyster Du bytte han bort.
Kor kunne Du slik frå din barneheim vike?
Det vert berre tap, Du, og tapet vert stort,
ei svikefull villferd som sansane hildra — —.
Å, gå ikkje lenger og tankelaus vildra.

Med heile di ukjende framtid framføre,
på livet sin krossveg Du no står på val.
Hugs, beinvegen gjeng mot Guds livsmeining dyre.
Men krokveggar endar i liding og kval.
Seg nei til dei makter som løkkar og dårar,
og dreg deg i freisting mot fallgrav og fårar.

Seg, ser Du 'kje soli som farsheimen gyller — ?
Kvar ser Du vel Himmel som fagrare skin — ?
Kvar finn Du vel lukke som sjeli di fyller
med reinare gleda enn farsarven din — ?
Snu heimatt! Din Fader og Frelsar Deg ventar —.
Men skund Deg, før døden til Helheim Deg hentar.

MED JESUS TIL RORS

Med Jesus til rors på det stormande hav
Du båten so hugheilt kan fylgja!
Om tårnhøge bårør, med sturtsjø og kav
gjer livshavet om til ei gløypane grav.
Han meistrar nok båten, so ei han driv av
på skumkvite, frøsande bylgja.

So velkjend han er på den fårlege lei.
Han veit om kvar flu og kvar grunne.
Med honom i rorhuset båtane glei
so trygt ved kvar einaste fallgard her beid.
Om lei var straumfull og mindre enn breid,
Han alltid til hamni hev funne.

Han ogso kan aga det stormherja hav
og det måtte vera hans vilje.
Når Frelsaren lyfter sin hovdinge-stav,
må storstorm og brotsjø med eitt stilna av — — —.
Du aldri vil angra, om Du honom gav
din ror og di styrebru-tilje.

UNGDOM, SEG HEV DU EIT LØYNROM?

Ungdom, seg hev Du eit løynrom,
der eine Du møter din Gud?
Livet sin fagraste røyndom
det er å bli Frelsarens brud.
Tenk for ei himmelhøg æra:
kledd i Guds rettferd sitt skrud —
gjest for hans truna å vera,
og tala med Himmelens Gud.

Ungdom, å bruk då ditt løynrom.
Bruk det kvar einaste dag.
Då vil Du finna i løyndom,
kraft til å vinna ditt slag.
Fiendeheren lyt vika.

Gudsfreden fyller ditt sinn.
Gud kan ei barnet sitt svika.
Siger i Kristus Du vinn.

Bøneromsvegen hjå mange,
ubrukt og mosegrodd er.
Satan hev teke til fange
hugen til løynromet her.
Fåfengt mot syndi dei strider.
Åndi vert jordvend og matt.
Bort frå Guds samfunn dei glider
inn i ei åndeleg natt.

Svar meg, Du blømande unge:
passar vel dette på Deg?
Hugs då, at vonbroti tunge
kjem av den mosegrodde veg.
Innatt i lukka sin løyndom.
Inn frå det rastlause jag.
Ungdom, seg, hev Du eit løynrom?
so tak det i bruk frå i dag.

DU KRISTNE UNGDOM

Tone: Våkn opp og slå på dine strenge.
Stå opp og fyll dei tome romi,
Du unge ætt av Herrens born.
Di arbeidstid er longo komi,
å gå med Himlens sædekorn.
Stig inn og gjer di våronn no.
Men kom i dag. Det hastor so.

Me ofte ser dei gamle falla,
som mogi frukt ved solarglad.
Du unge erving no er kalla
å stiga inn i deira stad.
Hald fram, der dei laut slutta av,
med alle evnor Gud Deg gav.

Skal Himlen nye ætter vinna
— som Jesu Kristi lidings-løn —,
då må han allstødt vitna finna
som trutt held fram i tru og bøn.
Og ser Guds rikes trong og tarv.
Ber vidare vår kristne arv.

VER MED I BØNERINGEN

Eigen tone.

Ver med i bøneringen om folk og fedreland.
Vår vardeeld som jonsokbål må brenna
frå grensefjell i auster til øy ved stormpløgd strand,
at folket vårt si gjestingstid må kjenna.
Og venda om til Herren, med' det er enno dag,
so Frelsaren vert konge i heim, i lyd og lag,
og nådens sol kan over landet renna.

Her er ein strid på livet om Noregs folkesjel.
Kven skal i denne striden siger vinna?
Kvar skal vel folket hamna, i Himlen eller Hel?
Skal dei i Helvits gru kvarandre finna?
Me som hev funne frelsa ved Jesu Kristi kross,
vil sleppa desse spørsmål med ålvor inn på oss,
og om vårt ansvar mildt kvarandre minna.

Kom med i denne fylking. So legg me hand i hand,
og ringar inne Noregs folk og rike,
i heilag kristen omsorg og Gud-kveikt kjærleiksbrand.
Frå denne bøne-her må ingen vike.
Ver med kvar kristen kvinna og kvar ein bønemann,
so ber me Noregs naudsbøn i samla flokk til Han,
som aldri vil sin gjevne lovnad svike.

SLÅ RING OM DEI EINSAME GAMLE

Tone: Hvor kunne du elske en sådan brud?

Å sjå kor vår ungdom frå bygdene dreg,
for fram seg i byen å famle — —.

∴ Der ser dei ein ljosare, lettare veg.
Og att sit dei einsame gamle. ∴

No byen fær krafti av ungdomen vår.
— Og mange gjeng under i «skramlet» — —.

∴ Men bygdene arme og blodlause står,
og sliter med sjuke og gamle. ∴

Kor vil i ein heimsbrand det folket vårt gå,
når alt vil i byen seg samle — — ?

∴ Når ingen kan åkrane pløggja og så — —.
Att sit berre einsame gamle — — — ? ∴

Du erving til odel: Ho treng Deg, di bygd.
Lat utreise-planane ramle.

∴ Gjev heimen din kjærleik, di livskraft og dygd.
Slå ring om dei utslitne gamle. ∴

KVIFOR RØMER DU UNGDOM ?

Kvifor rømer Du ungdom frå bygdene no,
når i heimen dei treng Deg so vel — ?
Er Du tvingande nøydd til å stella Deg so,
at dei gamle mest slit seg i hel — ?
Lat din far og di mor for den sorg verta spard,
at Du dreg frå din fedrane-gard.

Mange uløyste oppgåvor ropar på Deg
i din heim og på åker og eng.
Heile farsgarden græt om Du reiser din veg.
Du er meir enn ein tenestedreng.
Far 'kje åt som ein heimlaus og rekande skarv,
men set bu på din odel og arv.

Då velsigningi kjem over plogfura di,
med' Du strevar i tru og med von.
Trass i sveitte og slit vil Du kjenna Deg fri,
sjå med frygd på din veksande son
som alt lenge hev kjent seg som fullvaksen kar,
og som dagstødt vil hjelpa han far.

Medan teig etter teig under plogen vert lagd
og fær aukande verd for vårt land,
vert om kona di kanskje den sanningi sagd:
Ho hev heimen si mjukaste hand.
På ditt odelstun fagrast di livslukke gror,
om Du stogger hjå far og hjå mor.

IV

Heim og fedreland

SÆHEIM, DU FAGRE

Sæheim, Du fagre.
Adalsteins heimbygd i Nord-Hordland.
Inngjerd av magre,
skogkledde gråfjell med åsar i bland.
Nede ligg fjorden med vikar og naust.
Glitrar i stilla om vår som ved haust.
Å, kor Du hugen dreg.
Folket ditt elskar Deg.
Aldri vårt auga såg fagrare heim.
Segnrike kongsbygd. Du solbjarte Seim.

Eingong var fjorden
pløgd av dei langhalsa vikingeskip.
No råder orden.
Livet hev fenge ein ljosare svip.
Pløgen skjer runer, og meinskogen fell.
Jordi vert dyrka frå fjøra til fjell.
Bøen vert penare. Bygdi vert venare.
Prydtrei kransar dei heimlege tun.
Her er naturprakt i fullaste mun.

Bygdi si kyrkja
reiser sitt tårnspeir ved Håkon si grav.
Helgar vår vyrka,
gjennom den frelsa som Kristus oss gav.
Lokkar oss mildt med sitt kjærlege Kom,
inn i hans nåde sitt reinskirsla rom.
Ordet om krossen hans
spreider sin Himmelglans
over vår livsveg, forkynner hans dygd.
Strøymer med atterklang gjennom vår bygd.

Himmelske Fader.
Før oss, ved tru i di livsmeining inn.
Du ser kva skader
åndsmørkret valdar i hjarta og sinn.
Menneskja døser i kyrkjegardsfred.
Vanvyrder Ordet. Sig djupare ned.
Grip våre sjeler, Gud.
Frels oss frå fall og flud.
Berga vår ungdom. Syn oppvegen heim.
Skap oss eit ljosare, fagrare Seim.

HEIMEGRENDI

Eigen tone.

Her er grendi, framom alle grender!
Ingen stad eg trivst so godt som her!
Heimatt her min hug og tanke vender,
når eg kring i andre bygder fer.
Minnest fjorden, som i soli glitrar,
og i måneskin ein stille kveld — — !

Høyrer fuglekoren syng og kvittrar, —
heilt frå dalen til dei øvste fjell — — —!

I det gamle hus i heimetune,
såg eg dagsens ljøs for fyrste gong —!
Gamalt, ja, men stovene var lune —!
Attved vogga sat ho mor og song — —!
Her eg gret og lo i barneåri!
Her eg steig på lette ungdomsfot — —!
Her so stilt dei grøddest, hjartesaari — — —!
Her var trøyst når noko gjekk i mot!

Ven er bygdi alle årsens tider, ✧
kor enn storm og stilla skiftest åt.
Ven, når soli gyller dal og lider,
og om dagen han er mørk og våt.
Ven når våren kjem med liv i lundar!
Ven, i sumaren si fargeprakt!
Ven, når hausten mot si mogning stundar — —!
Ven, i vintrens kvite høgtidsdrakt!

Ingi grend so kjærleg til meg talar!
Ingen stad er Himlen meire blå!
Fjell og fjord og rind og li og dalar
legg sin glans i kring det kvardagsgrå —!
Skogen susar mildt i solfallsvinden!
Elvi syng sin djupe, stille song — — —!
Soli gyller aller øvste tinden,
før ho sig i havet enn ein gong — — —!

Her er bygdi, framom alle bygder!
Arv frå gamal tid me her kan sjå!

Her er merke etter kristne dygder!
Her bur godtfolk på sitt tun endå!
Her vil me og våre bu og byggja!
Her me ynskjer helst å få vår grav — —!
Takk min Gud for all den heimehyggja!
Du i denne vakre bygd meg gav.

HORDALAND

Eigen tone.

Vårt Hordaland. Vårt Hordaland.
Ditt namn det kling som orgelbrus.
Frå blåis-bredars bekkjesus,
til Nordhavs bylgjeslag mot strand.
Det syng om dal med fossedur.
Om sus i skog, om grend og fjord.
Der fløymer gjennom dette ord
ein atterklang frå di natur.

Frå Espevær til Sygnefest
han gjeng, din uverslitne kyst.
Med Bjørgvin ved ditt moderbryst,
og øy ved øy til livd mot vest.
Inn smyg seg fjordar, store, små,
mot grender, dalar, li og ur:
ei storfeld skiftande natur
med snøfjell høgt mot himlasjå.

Her er vår lut av Noregs strand.
Her fekk me ymse levekår,
alt frå den fyrste folkevår,

då landnåmsmänner steig i land.
Ved stormjagd kyst. På ville hav.
I hardsett strid på liv og død.
Her er kvar mann til arbeid fødd.
Her mange fekk so våt ei grav.

Kring øyde strand, i tronge dal,
på øy og ås, i bratte lid
voks heimar fram frå tid til tid,
i hundre- og i tusental.
Her tok dei fatt med øks og grev,
med spett og sleggje, hest og plog.
Her braut dei åker. Felte skog.
No grør det etter deira strev.

Frå sogegrunn steig kyrkjehus,
som ljøs kring Adalstein si grav.
Dei Herrens Ord til folket gav.
Og Odins makt vart lagd i grus.
Og under alt som kom og kvarv
i hytta og i Håkons hall,
det ordet *var* og *vera skal*
vår aller største ættarav.

FEDRELANDET

Eigen tone.

Du gamle, fagre fedreland,
med øyar kring di lange strand,
der Nordsjøbylgja går.

Der fjord og vik seg trengjer inn,
og lagar hamn mot ver og vind
i gjennom tusen år.

Ditt trauste gråfjell tek i mot
dei kvasse stormkast ved din fot,
gjev livd til fjord og grend.
Det speglar seg i blanke sjø,
med toppen kledd i is og snø.
Det langt til havs er kjend.

Ditt måneskin, din elvesus,
din fuglesong, din fossebrus,
din bjølleklang i lid,
din solflaum over dal og fjell
ein fager vår- og sumarkveld,
eg minnest all mi tid.

Din skog enn susar glad sitt kvad.
Og glitrande på blom og blad,
ligg dogg og skjelv i sol.
Men snart Du stend i kvite lin.
Velkomen er han, snøen din,
når det lid fram mot jol.

Her bur mitt folk, i dal, ved fjord.
Frå Lindesnes, til lengst i nord,
der midnattssoli skin.
Her leika dei i barndomsår.
Her dei den siste kvila får,
i kyrkjegarden din.

Gud signe Deg, mitt vakre land,
i vinterstorm, i kveldsolbrand,
frå fjell til ytste øy.
Hans åsyn lyse mot deg ned.
Han gjeve dine grensor fred,
so aldri du må døy.

EI BORG ER DEN ELDGAMLE GUD

Eigen tone.

Ei borg hev Du vore, frå ætt og til ætt,
Du kjærlege, Himmelske Fader.
Den same ved morgon når soli ho sprett,
som kvelden, når stille ho glader.
I dag, som i går.
Frå år og til år.
Frå æva til æva Du råder.

Ei livd hev Du vore for landet vårt, Gud.
Di signing i Noreg Du tømde.
I livd av ditt vakthald frå fjell og til flud,
det grodde og spirde og blømde.
Vårt bord og vår seng,
vår åker og eng
Du verna, i omsorg og tilsyn.

Ei borg hev Du vore for ættene, Gud,
mot stormar som landet hev herja.
I aust og i vester, i nord og i sud
Du stod som vår sterkaste verja.
I by og i grend
di omsut er kjend.
Di miskun var stor i mot alle.

Di trøyst hev Du ogso til folket vårt send.
Du lekte det hjarta vårt såra.
Vår sværaste sorg Du til gleda fekk vend
og turka vår bitraste tåra.
Kvar einskild som bad,
han gjorde Du glad.
Og klaga vart ombytt med lovsong.

Vår trøystar og vakt, og vår tryggaste borg
må Du Gud i framtidi vera.
Gje' livd i mot stormen og trøysta i sorg,
og folket i trengslone bera.
Dra aldri di hand,
ditt Ord og di And
attente frå folket i Noreg.

DEN NIANDE APRIL 1940

Tone: Ytterst mot Norden.

Noreg ligg stilt i aprilnatti grå.
Nordhavet dørmar ved strender — — —!
Landslyden sov, som om inkje stod på,
både i by og i grender — —.
Morgonen rann, og med sorg fekk me sjå,
kva som hender.

Fiendar, mest i kvar einaste by — — —!
Herskip kring kysten seg sankar — —.
Skot frå kanoner og bombing frå fly
vekkjer urolege tankar — — —.
Folket i otte ser vårdagen gry — — —.
Hjarto bankar — — —.

Dette er slutten på hundreårs fred:
Krigen til landet er komen.
Verdi sin utsåd i led etter led
ber denne fælslege blomen.
Noreg si synd måtte og takast med
under domen.

Kongen, med riksråd frå styret vart sett.
Sist på sitt land laut dei røma.
Svikaren, verna av tysk bajonett,
sjølvvald vil styra og døma.
Trampar på Noreg sin fridom og rett.
Synd fær bløma. — —

Krig over landet med mord og med brann.
Trælka av utanlandsk styre — —.
Nåbleike mannen med ljåen i hand
hev no si fullaste hyre.
Sorgfylte år for vårt folk og vårt land
ligg framfyre — —.

MINNEÅRET FRÅ 8. MAI 1945

Me fekk det att, vårt fedreland
av Herrens sterke frelsarhand!
Det var ei herleg gåva!
No er det *vårt*, no er det *fritt!*
Og treleåket vart me kvitt — !
Me Herrens namn vil lova!

Når flagget — raudt og kvitt og blått
omkring i landet me har fått —,
frå tusen stenger fløymer,
går tanken vår til deira grav
som gav sitt liv på land og hav —,
ein dåd me aldri gløymer!

Frå kanten av si eigi grav,
frå fangelæger, front og hav,
kom heimatt mange søner.
Og det dei ved sitt offer vann
var Noreg, gjeve fritt av han
som hørde våre bønner!

Vel blør me enn av svære sår
i frå dei lagnadstunge år
me under åket sukka!
Åleine Gud kan lækja dei,
og syna oss den rette lei
til liv og folkelukka!

So tidt han «kom og såg og vann».
Vår folkelagnad ordnar han,
og knyter syskinbandet!
Gjev Herren makt, du Norske folk,
i denne mørke sogebolk!
Då ljøsar det i landet!

NORSKT MÅL I NOREG

Vårt Noreg må heimatt til sjølveige tun
og ikkje gå træl under innførde knotet.

Lat heilnorsken ljoma frå brun og til brun
og jaga or landet det framande rotet
som trengde seg inn med ei trollmakt so sterk
i heim og i skule og riksstyreverk.

Vårt Noreg må enno ein fridomsdag få.
Då dansk-norsken heilt vert or høgsætet tvinga.
Ein maidag med Himmelen fager og blå —
då heilnorsk frå grensa til grensa fær klinga.
Me trur at den dag over landet vårt renn
so sant berre veden i vardane brenn!

Skal folket vårt vinna sin sjølvvyrndnad att,
må rett verta makt her i Hårfagers rike.
Og træl-merki alle som tunga vår batt
må lysast i utlægd og fredlause vike.
Å, la det då enno ein gong vera sagt:
Gjev morsmålet livsrom og vyrndnad og makt.

GRIP LANDSVIKAREN

Ein landsvikar fuglefri mellom oss gjeng,
og sviv i frå grensa til grensa —.
Hjå bymann og bonde han fer det han treng!
So fåe med otte han ansa!
Mot undergangs fallflu han folket vårt dreg,
trass sogå hev kartlagt hans blodige veg!

I helg og i høgtid han frekt møter fram:
Ved dåp og i brudlaup og gravferd!

Der uskyld vert sulka i freisting og skam
av råskap og tankelaus åtferd.
I festgleda legg han eit dårande svik —.
Og att ligg der rester av rotnande lik!

Sjå heimane Du — som slapp fienden inn.
— Der silken laut røma for fillor —.
Der mør gjeng fortvila, med dødsslit på kinn,
og døtrer vart skjøkor og frillor —!
Der sønene — bundne i synder og last —
som drivtømmer rek — medan faren sit fast —!

Sjå mannen ved rattet i halvsøvne sit,
og bilen mot ulukka styrer —.
Og karen på brui, som svævde sitt vit
og ansar 'kje varslet frå fyrer —.
Sjå alle som miste sitt arbeid ein dag —!
Og konor som skjelv under knyttneve-slag!

Skal svikaren lenger i fridom få gå
og tæra på folket si lukka —?
Skal fienden til og med statsstudnad få
med ofri i vonløysa sukka —?
Han et seg so ovtjukk og fleskande feit
på slavar som under han træla og sleit!

Å, reis deg, mitt folk! Stig til varden på vakt!
Driv svikaren ned i frå stolen!
Og lat det no enno ein gong vera sagt
at namnet hans er *ALKOHOLEN*!
Set manngard i kring han! Eg trur det hev hast!
Steng kranane att, og set svikaren fast ! !

V

Fagnafolk

UNGE HÅKON

Langhalsa drakar med stormsegl i mast,
jagar aust over hav — — —.

Brøyter seg kjølfar i rivande hast
gjennom brotsjø og kav — — —.

Hovding og menn er av edlaste grjot —.

«Veit Du kva lagnad Du stemner i mot, Unge Håkon?

Nyst vart ditt fedreland samla til eitt.

Det var far din sitt verk.

No ligg det sundrive atter — og spreitt
av ein herjande herk.

Hårfagers kongstanke driven på dør,

og det av hans born, dine stridande brør, unge Håkon.

Friboren, fager, Du folket ditt vann.

Og vart kåra til drott.

Gjævare hovding og raustare mann

Noreg snautt heve ått:

Sveiv gjennom land som eit vårløysingsver — — —.

Jaga til havs kvar ein fiendeher, unge Håkon.

Rakvaksne konge. Med hjarta i sorg

laut Du tapa til sist —.

Då Du ditt folk i frå heidningehorg
vilde vinna for Krist.
Måtte sjå gravlagd di kjæraste von,
den, å sjå folket ditt hylla Guds Son, unge Håkon.

Jamt røynde frende at frende var verst.
Det vart stadfest på Stord:
Best Du med siger mot fienden slærst,
gjeng der trolldom i ord — —.
Tru det var Gunhild sin ringaste svein
som råka din arm med den drepende «flein», unge Håkon?

Kanskje di avferd vart beinaste veg
til din dyraste vinst — — ?
Kanskje din Frelsar hev kannast ved Deg
då Du venta det minst — — — ?
Kanskje di sjel gjekk frå dødsstriden, heim,
før enn din lekam vart hauglagd i Seim, unge Håkon?

Ættene skifte. I mold vart Du gøynd — —.
Og ditt namn bleikna av — —.
Litt etter litt av ditt folk vart Du gløynd — —.
Ho vart vanstelt, di grav.
No ved din gravstad me reiser ein kross:
Minnet om frelsa for Deg og for oss, unge Håkon.

Om Du, til no, kørkje gull ell' safir
på din gravstad hev fått.
Kyrkja ved gravi di reiser sitt spir — —.
So ditt ynske er nått.
Kristus no lyser, frå høgfjell til strand.
Gyller din heimstad i Nord-Hordaland, unge Håkon.»

HÅKON VII

Høg og rak som ein gran i skogen,
styrde Du stilt i mot Noregs strender
ein snøtung novemberdag.
Heil i hug, og til mannsverk mogen.
«*Alt for Noreg*» med båe hender,
med evnor og hjartelag.

Yngste renning på Ynglingstommen.
Stormpløgd Noreg Deg baud velkomen
frå Nordkapp til Lindesnes.
Folket vakna or lange somnen — —.
Landet langs, bylgja atterljomen
av fridomsvinden som bles.

No Du heimvisst i Noreg åtte.
Budd Du var til ditt livsverk komen.
— Vart helsa med hyllingsbrus —.
Festleg innstig — med lyd — på slottet.
Kongekruna i Trondheimsdomen,
og flaggvakt på Akershus.

Noregs kongsstol på ny Du reiste — —.
Og om tidene enn var tronge
då Du til landet kom,
Noregs riksflagg til topps Du heiste.
Folket fylka seg kring sin konge,
og gav Deg sitt hjarterom.

Ov-orkanen i folkehavet
baud til verdskrig med dyn og dunder — —.

Og tusen gjekk nord og ned.
Noregs skute gleid unna kavet —.
Me vart berga, som ved eit under,
av Allheims Gud, som var med.

Atter blodstorm allverdi riste — — —.
Jagd, Du laut or ditt rike røma —,
og hamna der vest om hav —.
Me i stormen vår fridom miste.
Noreg urett og vald såg bløma,
med storhaust for død og grav.

Men i utlægdi hardt Du stridde —,
saman med våre våpenfrender
for landet og folket ditt.
Lekkjør de åt vår uven smidde — —.
Bøygdi og bunden de heim han sender —.
Og Noreg var atter fritt.

Aldri gløymer me vel den våren,
og junidagen med siger vunnen,
då heim Du stemnde for godt:
Ven rann soli på Himmelklåren.
Varm steig takki frå hjartegrunden
til Gud og til Noregs drott.

Storo voks Du i skiringselden:
Vaken, klårsynt, då mange somna.
Elsken til Noreg brann rein og glovarm
til siste kvelden.
Sviklaust heldt Du din kongelovnad,
Du høgborne Fagnamann.

HENRIK KÅRSTAD

Farvel, Du gjæve merkesmann
som stilt gjekk av.
Me takker Gud for det Du vann
og det Du gav.

Ditt kvasse sverd og blanke skjold
er no lagt ned.
No kviler du i Noregs mold,
i Herrens fred.

Men kongemerket som Du bar
so fjåg og glad,
det fekk Du fest, som før det var
på Stiklestad.

Dei unge kring di merkestong
no saknar Deg.
Du hjelpde dei so mang ein gong
på rette veg.

Ditt kristenliv sitt store verd
visst mange såg.
Og vyrndad vann Du på din veg
hjá høg og låg.

Vel seig Du stilt, som sol i hav,
i Noregs jord — —.
Men ein gong stig Du sælt or grav
på Herrens ord.

ANDREAS LAVIK

(Eit 34 års minne.)

Eit gamalt minne ligg og glimtar:
Tvo mennar stig om døri inn — —.
Eg *Fallebø* og *Nesse skimtar*,
med tåreblenk på slitne kinn — — —.
Dei gråtande tok av seg hatten.
Me baud dei båe kvar sin stol.
Det var i nitten-hundre-atten,
ein vinterdag innunder jol.

Det på Misjonshotellet hende,
der eg og Orheim kom frå ferd — — —.
Kva var det vel for sorg dei kjende,
som slik var deira tårer verd?
Dei fyrst si helsing frå seg gjorde,
dei gamle, prøvde truesbrør,
og sidan tok dei so til orde,
og lyfte vårt sitt syrgjeslør:

«Andreas Lavik heim er faren.
Han døydde tidleg no i dag.
Me hadd'kje råd å missa karen.
Det vart so sårt og tungt eit slag.
Når Gud tek førarane frå oss,
då treng me visst dess meir å be,
at Anden hans må vera hjå oss.
Kom, lat oss saman be om det.»

Me bøygde oss og bad om nåde
og kraft frå Jesu Kristi kross,
til lata Herrens vilje råde,
sjølv når det knip som verst for oss.
Og medan tårar stille fløynde,
og gråten sjel og lekam skok,
mot Himlen takkebøner strøynde,
til Han, som både gav og tok.

BLADSTYRAR JOHS. LAVIK

«Dagen»

Du rann i frå bonde og «aristokrat».
I hovdingestol vart Du sessa — —.
Og der Du ein mannsalder årvaken sat,
og styrde vår kristlynde pressa.

I høgboren stil, og med gullpenn-florett,
som tidast på motparten vann Du,
i striden for kristendom, sanning og rett.
Og oppveg, frå avvegjar fann du.

Som skipet, med klårsynte førar ved ratt,
gleid trygt, sjølv på fårlege leider,
slik «Dagen» steig fram gjennom drivskodd og natt,
til vyrdnad og åndeleg heider.

So uventa brått seig di livssol i hav — —.
No strålane kveldshimlen gyller — —.
Og vener og uvener kransar di grav —.
Til barden med ros dei ho fyller — —.

Kvar finst vel den mann som kan fylla ditt rom,
og meistra di harpa — du barde — — ?
So klårt me fær høyra Guds Andvake-ljom
frå «Dagen» sin høgreste varde — — — ?

LUDVIG HOPE

Døden, med blenkjande ljå over skallen,
brøyter seg rudning i fylkingi vår — — .
Storskogen tynnest. Ein hovding er fallen.
Stuven står att, som eit blødande sår — — .
Tomromet gapar, so audt og so ope — — .
Kven skal vel fylla det etter Deg, Hope — — — ?

Ung steig Du fram or di gøymsla i dalen.
Livsplan og meining ved krossen Du fann.
Heilnorsk i hugen, i tanken og talen — .
Styrkt ved Guds Nåde, Du voks Deg til mann.
Klårtenkt og framsynt, med stål i din vilje
steig Du omsider til styrebru-tilje.

Sårt no di røyst i frå «Brui» me saknar — ,
der Du, i stormdriv, ein mansalder stod.
Trui på Bibel og vedkjenning raknar — — — .
Skodda seg legg over farleii no.
Sjølve Guds Ord vert ein einaste floke — ,
tolka av hypermoderne og «kloke».

I dine preikor vart Guds-ordi klåre.
Du bar dei fram som i Boki dei stod.
Både om dom over syndene våre,

og om vår reinsing i Frelsarens blod.
Gudsrikets grensor so greidt Du forkynte.
Vegen til Hel og til Himlen Du synte.

Takk for ditt vakthald med Andvakeleuren.
No er din hjelm og ditt slagsverd lagt ned.
Takk for ditt leiande arbeid på muren — —.
Kvil Deg no ut i usegjeleg fred.
Velberga, sæl i vår Faderheim inne — — — —.
Noregs misjonsfolk velsignar ditt minne.

MATIAS ORHEIM

Tone: Sæg Du mitt land — — ?

Her vart so stilt i kristne ungdomslundar —.
Vår store songar flutte heim til Gud.
Av ferdi trøytt, i gravi no du blundar,
ved sida av di kjære ungdomsbrud.
De trutt fekk fylgjast her, i sorg og gaman,
i både heim og ferd frå hei til hav.
Då døden kom, de og fekk fara saman.
Og eingong stig de sælt i lag or grav.

Du fann din Gud i fyrste ungdomsvåren.
Og lukkesoli skein so strålebjart.
Men best det var, den blåe himmelklåren
vart borte attom slør av syrgje-svart.
Du møtte Herren i ein klungerrunne,
der tornar reiv og stakk og beit og brann — —.
Men trass i alt som vart i klungren brunne,
Guds «riddarslag» fekk vigsla deg til mann.

Visst vart Du blind, men denne tunge lagnad
Deg løyste ut, so Du vart meire fri.
Vart synet sløkt — i åndi meir det dagna.
Gud kveikte ljøs i sjeleverdi di.
Det ljøs fekk svar på lidingsgåta gjeva.
Gav kraft å bera krossen Gud la på.
La trøyst i alt Du måtte gjennomleva.
Og gav Deg mod, den siste veg å gå.

Di ungdomstru greip Herrens nådelovnad,
og sette blom i kristen manndomsdåd.
— Om mange tungt i livsens motbør sovna —,
Du bar då alders frukt av ungdoms såd.
Du vann deg fram til gamle og til unge,
i bygd og by, frå grensefjell til hav.
Meir vent enn Du, hev ingen for oss sunge.
Må atterklangen aldri stilna av.

Du Himlen vann. For Gud Deg vegen synte
til livsens kall og rette endemål.
I åndi Frelsens ævesyner lynte,
med kjærleiks varme til ditt viljestål.
Vårt folk no takkar Gud for arbeidsdagen,
med alt Du her til ung og gamal gav.
I Stårheims gravlund — i den stille hagen —,
me bøygjer oss i takksemi ved di grav.

PROFESSOR OLE HALLESBY

Professor Hallesby,
Du Kristi merkeberar:
I ville våpengny

Du gjeng mot mørkheims herar.
Og svingar Andens sverd,
tvieggja, blankt og kvast,
mot dårleg kristenferd,
mot folkesynd og last.

Du møter hat og harm.
Og høyrer herrop dynja.
I stridens svære larm
det spørst om Frelsens brynja.
Men hev Du henne på,
i handi Andens sverd,
Du skal den siger få,
som gjev ditt liv sitt verd.

Gud gje' Deg tru og mod,
til merket hans å bera.
I kraft av Jesu blod,
Du vinna skal med æra.
Fullfør ditt laup, din strid.
Og jag mot Frelsens hamn.
Bruk munn og penn og tid.
Gå på i Jesu namn.

Der renn ein kroningsdag
for alle som vann siger.
Frå vigvoll, larm og slag
til ærehøgd dei stiger.
Vel møtt på denne stad.
Ver tru på Herrens veg.
So når Du målet, glad.
Gud evig signe Deg!

MOR

Ho mor er oppe med' det enn er natt —.
Ho alt hev kveikt den vesle Tusselampen.
For beist og huslyd no må stellast att.
Og sidan må ho av til vaskestampen.

Han far er utanbygds på arbeid, han — —.
So ho må styra heimen, heilt åleine.
Må vera dreng og gjente, mor og mann,
og sjukesyster og, er borni kleine.

Sjå, bort ved omnen ligg ho no på kne,
og strevar tolsamt med å kveikja elden,
som ei vil fata i den ræe ved.
Med' borni dormar stille under felden.

So gjeng ho bort til vindauga ein sving,
og andar hol i isen på ei rute — —.
Ho skodar ut, men ser mest ingen ting,
for stormen ruskar hardt i mjellsnø ute.

Ho likevel må ut og måka braut
til floren, gjennom meterhøge fenner — —.
For dei må stiaast, alle gardsens naut,
og få litt morgonføda mellom tenner.

Frå løa kjem ho inn att, kvit av snjo — —.
Finn morgonmaten fram, og bordet dekkjer.
I omnen blæs ho liv att i ei glo — —.
So gjeng ho vart i kring og borni vekkjer.

Framføre henne ligg ein annsam dag — —.
Hev ikkje tid å sitja attved bordet — —.
Ho må til skytja, bruka øks og sag — —.
Men fyrst ein liten glytt i Bibelordet.

Ho faldar sine hender stilt og bed
om kraft å greia dagsens mange yrkje — —.
Og stova fyllest med ein heilag fred —,
med' borni sit so kyrt, som i ei kyrkje.

Kva trur De vel at slik ei mor er verd,
som stilt i heimen knyter kjærleiksbandet — — ?
Gjev borni gode minne på si ferd — —.
Seg, finst her folk med større verd i landet ?

MOR ER SJUK

Tone: Säg Du mitt land — — ?

Ho mor er sjuk. Her vart so dimt i verdi — —.
Vår dag hev mist den ljøse fargen sin.
Eit angstfylt spørsmål fylgjer oss på ferdi:
«Skal tru om livet eller døden vinn?»
Ein sorgtung otte sviv om alle dører — —.
I heimen vert so stilt, so kyrkjestilt — —.
Og blanke tårer barneaugo slører — —.
Før mor si liding gjer dei hjartans ilt.

Ho mor er sjuk. Å vera heilt åleine
ho maktar ikkje, sjølv ei liti stund.
Og jamt ho ligg til langt på natti seine,
før ho i ro kan få den minste blund — —.

Mot Himlen hjelpelaus hø blikket vender,
med' hennar barm i angst og uro skjelv — —.
Og rop for seg og sine tidt hø sender,
til Han som styrer jord og Himmelkvelv.

Hjå mann og born vert hjarto ottefulle — — —.
Ei klage blandar seg med sorgi stor:
«Me hev 'kje alltid vore som me skulle
i mot vår eigi, snille, sjuke mor.»
Og kvar for seg, so stilt dei Herren lova:
«Ho mor i hjarta må få større rom.
For ber dei *henne* ut or barndomsstova,
Vert heimen vår so mørk og kald og tom.»

MOR ER GAMAL

Du gamle mor er vorte ein skugge av Deg sjølv —.
All ungdoms kraft er borte, og håret kvitt som sølv.
Din rygg er vorten krøkt. Ditt andlit, før so fagert,
er no so grått og magert. Av furor gjennom-pløgt.

Sjå hendene, kor bleike og skjelvande dei er — —.
Og augo er so veike, at Du mest inkje ser.
Og dine føter, då. Heilt øydelagd av gikti
og tunge arbeidsplikti. Dei kan 'kje stigast på.

No sit Du der og dormar i vesle stolen din — —.
Vel røynd i livsens stormar. Med tolmod i ditt sinn.
Du venter berre på at Du må snart få flutta — —.
Og sæl di livsferd slutta, for Gud å vera hjå.

Du var den beste kvinna i fedraheimen min — —.
Alt tyktest Du å vinna for barneflokken din.
No er Du trøytt og arm. Men kjem eg i din nærleik,
eg kjenner at din kjærleik er enno like varm.

So lunt, mot verdsens-sveimen, det var, ditt barnereir.
Men der vert tomt i heimen når ikkje Du er meir.
Der vert so framandt då. Som om ein vegg var ute,
og is-lagd kvar ei rute, når Du er falli frå.

HO BESTEMOR MI

Ho kjem meg i minnet so mangen ein gong — ho bestemor mi —.
Ho sat på ein skammel og rugga og song, so strålende blid.
Med sorgtunge småguten lagd inntil barmen —.
Og gråten han stogga i bestemors-armen.

Ho hadde so fager og ljøsmild ei røyst — ho bestemor mi.
Og songen han vart til forundarleg trøyst, når sorgi vart stri.
I tidene tunge då la han på spranget
til bestemor-stova og bestemor-fanget.

Ein rikdom av trøyst og hugsvaling eg fekk, du bestemor mi.
So nystyrkt til leik og til arbeid eg gjekk frå småstova di.
Og når eg på ny dine sogeblad vender
eg minnest med takk dine bestemors-hender.

No kviler din lekam med fred i si grav, du bestemor mi — —.
Men alt du i kjærleik til småguten gav, var ervegull i.
Du strøydde velsigningar ute og inne!
Og difor vil småguten heidra ditt minne!

DEI TVO GAMLE

Han ligg der og ventar på Herren sin,
med kraftlause lekam, med nåbleike kinn,
og febertorste på tunga.
Slik hev han no lege halvt-anna år.
Han kjenner so vel at mot døden det går.
For drepsotti herjar i lunga.

Men inne i stova ved sida av,
der ligg ho, den kona som Gud honom gav,
— hev lege på sjuande året.
So lenge ho makta, ho gjorde si plikt.
No ligg ho ihopkrøkt og broti av gikt
med gullglans i drivkvite håret.

Dei baska seg fram på ein radmager gard.
Og jamt ei uløysande gåte det var
å metta dei mange kring bordet.
Men Gud opna utveg til klede og mat,
og fylte i miskunn dei ventande fat.
Og sjelene styrkte ved Ordet.

Dei ofte laut sanna at trui var veik.
Men korso Gud hjelpte dei over kvar kneik,
Han stødt både ville og kunne.
No borni er farne or reiret sitt ut,
so nær som den stor-vaksne, nest-eldste gut,
som nyleg hev maken sin funne.

Dei omsnudde garden sin, teig etter teig,
med hakke og spade, med spett og med bleig.

Grov hundrevis meter med veiter.
Den vassfylte myri dei snautt kom utpå,
den kan dei med hest og maskine no slå.
I marki ligg ny-rudde beiter.

No dødssjuka ligg dei på livsreisei heim.
Og garden han ventar 'kje meire av deim.
Dei tokst i so mang ein batalje.
Men utslitne vart dei, og stundar no hardt
at Jesus må koma og henta deim snart,
for *her* fekk dei ingen medalje.

VED TEMPELKISTA

Kven kunde vel tenkja
at Jesus gav ros til den fatige enkja
som la det ho åtte
i templet si kiste — — ?
Me tykkjer ho måtte
då spart for seg sjølv desse skjervar,
dei siste.

At ikkje vår Frelsar
gjeng bort til den einslege enkja og helsar.
Kvi kunde han tegja,
og sjå på slik spilla — — ?
Han burde då segja:
«D' er sårt at deg sjølv Du kan vilja
so illa.»

«La vera å gjeva.
Dei skjervar Du hev, treng Du sjølv for å leva.
Du må bruke vite.
Hugs på Du er enkja
og tener so lite.
Du hev då vel plikt på di framtid
å tenkja?»

Men Frelsaren tagde.
So vende han seg til sitt fylgje og sagde:
«Dei rike let litt
av si overflod falle.
Det fell 'kje so stridt.
Men enkja gav alt. Ho gav meir enn
dei alle.»

Å, tenk om me visste:
Han sit enn i dag inn ved templet si kiste.
Han ser kvar ein skjerv
som me der i let falle.
Han kjenner kvar djerv
som gjev alt, og lik enkja gjev meir enn
dei alle.

